



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 37 L

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i midlertidig lov om billettering
på ferje som følge av utbrudd av covid-19

Innhald

| | | | | | |
|----------|--|---|----------|---|----|
| 1 | Hovudinnhaldet i proposisjonen | 5 | 3.2 | Nærmare om forslaget frå departementet | 8 |
| 2 | Bakgrunnen for lovendinga | 5 | 3.3 | Fråsegn frå eksterne instansar | 8 |
| 2.1 | Tiltak innanfor billettering på ferjeområdet | 5 | 3.4 | Vurderinga til departementet | 9 |
| 2.2 | Den noverande smittesituasjonen i Noreg | 6 | 4 | Økonomiske og administrative konsekvensar og andre konsekvensar | 10 |
| 2.3 | Erfaringar med ordninga regulert i mellombelse lova | 7 | 5 | Merknad til lovendinga | 10 |
| 2.4 | Offentleg høyring | 8 | | | |
| 3 | Forlenging av varigheita til den mellombelse lova | 8 | | Forslag til lov om endringar i midlertidig lov om billettering på ferje som følge av utbrudd av covid-19 | 11 |
| 3.1 | Gjeldande rett | 8 | | | |



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 37 L

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i midlertidig lov om billettering på ferje som følge av utbrudd av covid-19

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 10. desember 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Samferdselsdepartementet føreslår i denne proposisjonen å forlengje varigheita til midlertidig lov 26. mai 2020 nr. 55 om billettering på ferje som følge av utbrudd av covid-19 fram til 1. juli 2022.

2 Bakgrunnen for lovendringa

2.1 Tiltak innanfor billettering på ferjeområdet

Regjeringa innførte 12. mars 2020 ei rekkje inn- og utvandringshindrande tiltak for å hindre spreiding av covid-19 i befolkninga. Blant tiltaka var reglar knytt til karantene, isolasjon, reiserestriksjonar og tilrådingar om å halde fysisk avstand til andre personar.

Som ein del av tiltaka mot spreiding av covid-19 innanfor samferdslesektoren, bestemte Statens vegvesen i mars 2020 at det inntil vidare var naudsynt å stanse all manuell betaling av ferjebilletter på riksvegferjene. Fleire fylkeskommunar fatta tilsvarende vedtak for ferjesambanda i tilknytning til fylkesveg. Avgjerdene var mellombelse tiltak som vart innførte for å hindre spreiding av viruset på riks- og fylkesvegferjene, irekna spreiding til sikkerheitsmannskap på ferjene og for å sikre at viktige offentlege ferjesamband kunne haldast opne for trafikk.

Samferdselsdepartementet fremja ved kgl. res. 3. april 2020 forslag til fastsetjing av midlertidig forskrift om billettering på ferje i anledning utbrudd av Covid-19. Forskrifta hadde som formål å leggje til rette for at billettering på riks- og fylkesvegferjene kunne gjennomførast elektronisk utan utveksling av betalingsmiddel og med etterkotsvis fakturering. Hensikta med ordninga var at billettering og betaling av ferjebilletter ikkje skulle føre til spreiding av covid-19 mellom menneske og passasjerar på ferjene, og at tap av inntekter frå ferjebilletter kunne avgrensast under situasjonen med spreiding av covid-19. Forskrifta vart fastsett 3. april 2020 med heimel i koronalovent § 2, jf. yrkestransportlova § 35, og tok til å gjelda frå 4. april 2020. Samstundes med fastsetjinga av forskrifta endra departementet takstregulativa for dei riksvegferjesambanda som nytta Riksregulativet for ferjetakstar, med betaling for passasjerar. Desse vart erstatta med AutoPASS-regulativ for ferjetakstar der det berre betalast for køyretøy. Dei reduserte billettinntektene for personar som dette takstregulativet fører til, er utlikna på dei ulike gruppene køyretøy, ved at desse vert justerte med litt høgare takstar. Endringa var provenynøytral for staten.

Midlertidig forskrift om billettering på ferje i anledning utbrudd av Covid-19 vart delvis fastsett med heimel i koronalovent § 2, sidan yrkestransportlova ikkje regulerer handsaming av per-

sonopplysningar på ferjeområdet. Koronaloven vart først vedtatt for ein månad, fram til 27. april 2020. Ved Stortingets lovvedtak 24. april 2020 nr. 34 vart tidspunktet for oppheving av lova endra til 27. mai 2020. Lova si varigheit vart ikkje forlenga ytterlegare.

For at tiltaket med elektronisk billettering og betaling av ferjebilletter kunne fortsetje lengre enn 27. mai 2020 ut frå formålet med ordninga, fremja Samferdselsdepartementet i Prop. 114 L (2019–2020) forslag til midlertidig lov om billettering på ferje som følge av utbrudd av covid-19. Den mellombelse lova vart vedtatt av Stortinget 26. mai 2020 og tok til å gjelda 27. mai 2020. Den mellombelse lova regulerer ei alternativ billetteringsordning på dei offentlege ferjesambanda i Noreg under situasjonen med utbrotet og spreidinga av covid-19. Lovføresegnene er i hovudtrekk dei same føresegnene som var fastsette i forskrifta med heimel i koronaloven § 2, jf. yrkestransportlova § 35. Då lova tok til å gjelda 27. mai 2020, vart samstundes midlertidig forskrift 3. april 2020 nr. 571 om billettering på ferje i anledning utbrudd av Covid-19, oppheva.

Samferdselsdepartementet fremja i statsråd 6. november 2020 i Prop. 29 L (2020–2021) forslag om å forlengje den mellombelse lova frå 1. januar 2021 til 1. januar 2022 på bakgrunn av den vedvarande smittesituasjonen. I tillegg føreslo departementet enkelte tekniske endringar i den mellombelse lova. Det gjaldt §§ 5 og 6 som omhandlar handsaming av personopplysningar. Lovforslaget vart vedtatt av Stortinget og sanksjonert 18. desember 2020, sjå Lovvedtak 28 (2020–2021). Den mellombelse lova vert i medhald av § 8 oppheva 1. januar 2022.

Statens vegvesen føreslo i brev 24. september 2021 til Samferdselsdepartementet å forlengje den mellombelse lova til 1. juli 2022. Forslaget vart grunngeve med at det framleis var behov for å verne ferjemannskap mot smitte for å oppretthalde den samfunnskritiske funksjonen til ferjene. Samferdselsdepartementet avklara i brev 26. oktober 2021 til Statens vegvesen at lova ikkje ville bli føreslått forlengd. Departementet viste til at regjeringa 24. september 2021 hadde bestemt at samfunnet skulle gjenopnast til ein normal kvardag med auka beredskap med den konsekvens at dei fleste nasjonale koronatiltaka vart avslutta. Departementet fant det difor ikkje riktig å fremje forslag om endringar i den mellombelse lova for Stortinget.

Avgjerda om ikkje å føreslå forlenging av den mellombelse lova har blitt møtt med motbør frå nærings, fylkeskommunane og andre. I fleire brev

som er mottekne i november 2021, vert det bede om at ordninga som har verka frå utbrotet av pandemien må forlengjast, ut i frå mellom anna omsynet til den pågåande smittesituasjonen. Departementet vil gje att deira syn i kapittel 3.3.

I november 2021 auka smitten i Noreg, og i desember 2021 har ein ny mutert variant av viruset skapt behov for å gjeninnføre både nasjonale og lokale tiltak. Departementet har difor, etter ei ny vurdering, kome til at det er behov for å forlengje den mellombelse lova for å verne ferjemannskap mot smitte slik at ferjene si samfunnskritiske funksjon kan haldast ved lag.

2.2 Den noverande smittesituasjonen i Noreg

Koronaviruset SARS-CoV-2 har spreidd seg mellom menneske sidan 2019 og kan føre til sjukdommen covid-19. Verdas helseorganisasjon (WHO) erklærte 30. januar 2020 utbrotet av sjukdommen covid-19 som ei alvorleg hending av betydning for internasjonal folkehelse, og 11. mars 2020 erklærte WHO at utbrotet av sjukdommen utgjer ein pandemi. Sidan WHO 30. januar 2020 erklærte utbrotet av koronaviruset som ei global folkehelsekrise, har regjeringa og styresmaktene i Noreg fortløpande sett i verk tiltak for å avgrense spreiding av viruset.

Ein stor forskjell i handteringa av smittesituasjonen som vart gjort greie for i Prop. 29 L (2020–2021) kapittel 2.2, er at regjeringa i desember 2020 gjekk ut med mål og prioriteringar for komande koronavaksinasjon. Dei første vaksinedosane kom til Noreg ved juletider 2020. Etter kvart som vaksininga vart sett i gang kom det fleire lette i smittevernstiltaka for vaksinererte. Per 8. desember 2021 var 92 % av personar over 18 år vaksinerert med første vaksinedose.

Regjeringa avgjorde 24. september 2021 at Noreg skulle gjenopnast til ein normal kvardag med auka beredskap. Det vart samstundes bestemt at dei fleste nasjonale koronatiltaka skulle avsluttast. Avgjerda innebar at dei ulike nasjonale styresmaktene måtte gå attende til ordinær lovregulering og ordinære løysningar.

I november 2021 auka smitten på nytt. Helse- og omsorgstenestene vart sette under press, både i kommunane og på sjukehusa. Regjeringa innførte difor 30. november 2021 nasjonale tiltak for å ha kontroll. Regjeringa har innført ytterlegare nasjonale tiltak med verknad frå 3. og 9. desember 2021. Dette er mellom anna råd om å halde ein meters avstand til andre enn husstandssmedlem, råd som gjeld kor mange besøkande ein kan ha i

private bustadar, råd om kor mange nærkontaktar ein kan ha, råd som gjeld organiserte fritidsaktivitetar, jamleg testing og auka bruk av heimekontor. Dessutan gjeld frå 9. desember mellom anna restriksjonar for arrangement, samkomer og for serveringsstadene. Vidare gjeld krav om smittevern-fagleg drift for skular, barnehagar, bibliotek, svømmehallar med meir, krav om bruk av munnbind på ulike stader og krav om karantene for dei som er smitta og deira nærkontaktar. Dei siste nasjonale tiltaka har som formål å forseinke spreiring av omikron-varianten av viruset og hindre overbelastning av helsetenestene.

Det overordna målet til regjeringa i *Strategi- og beredskapsplan for håndteringen av covid-19* frå 30. november 2021 er å halde kontrollen på pandemien slik at den ikkje fører til ein betydeleg sjukdomsbyrde og for stor belastning på helse- og omsorgstenestene. Samstundes skal offentlege tenester ytast på eit forsvarleg nivå og økonomien vernast. Både nasjonale og lokale styresmakter må følgje situasjonen tett og raskt setje i verk tiltak ved behov.

2.3 Erfaringar med ordninga regulert i mellombelse lova

Statens vegvesen har gjort greie for erfaringane med ordninga regulert i den mellombelse lova i fleire omgangar. Den første tilbakemeldinga vart motteken i samband med framlegging av Prop. 114 L (2019–2020) og er referert i proposisjonen kapittel 3.3 andre avsnitt. Hovudinntrykket på dette tidspunktet var at billetteringsordninga fungerte som venta og at erfaringa med ordninga jamt over var god, både for staten, fylkeskommunane og ferjereiarlaga, og for dei ulike brukargruppene som nyttar det offentlege ferjetilbodet. Per mai 2020 var det ikkje meldt om smitte av covid-19 gjennom ferjebillettering. På tidspunktet for framlegginga av Prop. 29 L (2020–2021) var erfaringa med den mellombelse ordninga framleis god. I proposisjonen kapittel 2.3 viste departementet til brev frå Statens vegvesen 3. juli 2020 der det går fram at erfaringane med ordninga gav ein tilnærma smittefri måte for billettering på ferjene. Statens vegvesen uttalte òg at ordninga hadde den fordel at billetteringa kunne gjennomførast meir effektivt enn dei manuelle måtane som hadde vore nytta ordinært.

Ei rekkje ferjesamband er knytte til AutoPASS Samvirke med brikkelesing, og det er i perioden før og under utbrotet av pandemien etablert leseutstyr for AutoPASS på fleire ferjesamband i samsvar med opphaveleg plan for utrulling av

AutoPASS for ferje. Innan den ordinære løysninga er det lagt opp til at ferjeselskapa handsamar betalinga frå reisande utan AutoPASS-ferjeavtale og AutoPASS-brikke manuelt. For å unngå manuell betalingsløysning frå denne gruppa reisande har ferjeselskapa skaffa elektronisk utstyr for skiltgjenkjenning. Dette er teknisk utstyr som har blitt skaffa til relativt låge kostnader. Ordninga inneber at betalinga frå bilistar utan AutoPASS-avtale og brikke òg vert fakturert i etterkant av gjennomført reise. Som ein del av vurderingsgrunnlaget for lovforslaget i Prop. 114 L (2019–2020), merka departementet seg at det var fylkeskommunar som tidleg meldte at dei ønska å gå over til ordninga med elektronisk billettering basert på AutoPASS-systemet permanent.

Erfaringa med den mellombelse ordninga er framleis god. Tidlegare i haust gjorde Statens vegvesen greie for sine erfaringar i brev til departementet 17. september og 24. september 2021. I breva heiter det at Statens vegvesen ikkje ser at det finst gode alternativ til den gjeldande ordninga for billettering som vil dekke behovet for å hindre spreiring av smitte til ferjemannskapet og dei reisande. Etaten vurderer at smittesituasjonen framleis er av ein så usikker karakter at det er naudsynt å oppretthalde noverande alternativ for billettering på ferjesambanda. Statens vegvesen viser òg til at det på seinsommaren har vore fleire hendingar der fartøy og mannskap har blitt tatt ut av ruteproduksjon på grunn av smitte eller mistanke om smitte.

Departementet har motteke ei ny vurdering frå Statens vegvesen i brev 3. desember 2021. Statens vegvesen viser her til at etaten i etterkant av avgjerda frå departementet dagleg har fått ei rekkje førespurnader frå tilsette og deira representantar i ferjeselskapa, frå ferjeselskapa sjølve, frå fylkeskommunar, Samferdselssjefskollegiet og Kollektivtrafikkforeningen. Førespurnadene er utan unntak negative til at det ikkje vert fremja forslag om å forlengje den mellombelse lova. Statens vegvesen peiker på at både ferjeselskapa og fylkeskommunane er uroa over smitteutviklinga den siste tida. Lokale utbrot har ført til kanselleringar av ferjeruter, redusert beredskap og reservekapasitet. Statens vegvesen meiner at uvissa om smittesituasjonen gjer at det bør fremjast forslag om å forlengje den mellombelse lova.

Som gjort greie for i kapittel 3.3, gir fråsegner frå den førre høyringa og seinare førespurnader eit samla inntrykk av at dei fleste som dette gjeld er positive til den mellombelse ordninga, og at mange ønskjer ordninga permanent.

2.4 Offentleg høyring

Den seinare smitteutviklinga og situasjonen med ny virusvariant er hovudårsaka til at proposisjonen vert sett fram i desember 2021. Av tidsmessige årsaker har det ikkje vore gjennomført offentleg høyring av forslaget om å forlengje lova denne gongen. Departementet finn det likevel forsvareleg å fremje proposisjonen, jf. omtale i kapittel 3.4 nedanfor.

3 Forlenging av varigheita til den mellombelse lova

3.1 Gjeldande rett

Den mellombelse lova har som formål å regulere billettering på ferjer som har løyve til å drive persontransport med fartøy i rute med heimel i yrkestransportlova § 7 under utbrotet og spreidinga av covid-19. Ordninga lova legg opp til gjer at billetteringa kan skje på ein måte som ikkje fører til fare for spreiding av smitte, og tap av inntekter frå ferjebillettar kan avgrensast. Lova opnar for at billettering kan utførast ved bruk av skiltgjenkjenning eller brikke gjennom AutoPASS-teknologien, så lenge det ligg føre eit behov i samsvar med formålet til lova, sjå § 1. Avgjersle om vurdering av behov for å nytte tiltaket er i medhald av lova lagt til Statens vegvesen for riksvegferjene og fylkeskommunane for fylkesvegferjene.

Lova er nøytral med omsyn til kva for slags registrering av skilt og skiltgjenkjenning som skal nyttast og er difor ikkje til hinder for at fylkeskommunane og staten har alternative system. Fylkeskommunane kan til dømes nytte anna teknologi for skiltgjenkjenning enn staten.

Ved billettering i samsvar med den mellombelse lova kan ikkje ferjebilletten gjerast opp om bord på ferja. Billetteringsmåten etter lova er likevel ei alternativ form for billettering, som ikkje er til hinder for at billettering framleis kan utførast i samsvar med den ordinære reguleringa i forskrift 26. mars 2003 nr. 403 om transport med ferje. Den mellombelse lova gir vidare føresegnar om kva for takst som skal nyttast for billetteringa, betalingsansvar og føresegnar om handsaming av personopplysningar.

Den mellombelse lova si ikraftsetjing og varigheit er fastsett i § 8. Lova tok til å gjelde 27. mai 2020 og opphevast 1. januar 2022.

Frå 1. januar 2022 vil føresegnene som regulerer billettering i forskrift 26. mars 2003 nr. 403 om transport med ferje gjelde, dersom den

mellombelse lova ikkje vert forlengta. I samsvar med regelverket som gjeld ordinært, er det ikkje høve til å gjennomføre full elektronisk billettering på ferjene av trafikantar som ikkje har inngått brukaravtale, sidan regelverket ikkje gir heimel for handsaming av personopplysningar til bruk for ferjebillettering. For trafikantar utan brukaravtale er den ordinære ordninga i stor grad basert på manuelle løysningar med oppgjer av ferjebillett om bord på ferjene gjennom utveksling av betalingskort eller kontantar.

3.2 Nærmare om forslaget frå departementet

Departementet har tatt utgangspunkt i smittesituasjonen slik den ligg føre per desember 2021. Noreg har på dette tidspunkt aukande smitte. Helse- og omsorgstenestene er under press, både i kommunane og på sjukehusa. Regjeringa har innført nasjonale tiltak for å ha kontroll.

For ferjene sitt vedkomande forventast det at dagens praksis med smittesaning av fartøy ved påvist smitte om bord vert vidareført. Statens vegvesen meiner at det framleis er behov for å ha tiltak som fører til vern av ferjemannskapet mot smitte under føresetnad av at mannskapet utfører ei samfunnskritisk oppgåve og konsekvensane av smitte er store. Etter Statens vegvesen si vurdering er den elektroniske billetteringa som den mellombelse lova legg til rette for, det tiltaket som på best måte vernar reisande og ferjemannskap mot smitte. Tiltaket gir stor sikkerheit for at ferjesambanda kan haldast med nær normal ruteproduksjon.

Ved ordinær ferjebillettering vert betalingskort og kontantar utveksla mellom trafikant og billettør i ein situasjon der det er lite tid og moglegheit for desinfeksjon av betalingsmiddelet eller andre smitteverntiltak. Det har vore fleire tilfelle der mannskap har vorte smitta og sett i isolasjon. Ferjer der smitte har oppstått, har blitt tatt ut av drift for å gjennomføre smittesaning ved grundig vask av fartøyet. I slike situasjonar vert det trafikale utfordringar som redusert kapasitet på sambandet eller stengte samband. Konsekvensane er at dei reisande må utsetje reisa eller finne ein alternativ reiseveg. Smitte blant mannskap kan i verste fall føre til isolerte samfunn dersom ferjene vert tatt ut av drift.

3.3 Fråsegn frå eksterne instansar

Før framlegginga av Prop. 29 L (2020–2021), som inneheldt forslag om å forlengje opphevingsdato

for lova frå 1. januar 2021 til 1. januar 2022, vart det gjennomført ei brei offentleg høyring med seks vekers frist. Fråsegna frå høyringsinstansane er gjengitt i proposisjonen kapittel 3.3. Dei fleste av høyringsinstansane som hadde merknader hausten 2020, uttrykte positiv støtte til at den mellombelse lova vart forlenga. Dette var *Viken fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Nordland fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, Advokatforeningen, AtB AS, Kollektivtrafikkforeningen, NHO Sjøfart, Norled AS og Norsk Sjømannsforbund. Møre og Romsdal fylkeskommune, NHO Sjøfart og nokre privatpersonar* uttalte mellom anna at erfaringane med ordninga etter den mellombelse lova var gode. *Nordland fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune og AtB AS* uttalte at dei stilte seg bak Statens vegvesen sine vurderingar og tilrådingar i saka. *Norled AS*, med støtte frå *NHO Sjøfart*, uttalte at ordninga regulert i den mellombelse lova i tillegg til å verne mot smitte av ferjemannskap og difor sørge for at samfunnskritisk ferjedrift kan haldast i gang, og reduserte smittefaren mellom dei reisande på ferje generelt. Fleire av høyringsinstansane hadde positive merknadar til arbeidet med å utgreie permanente endringar i yrkestransportlova.

Som nemnt i kapittel 2.1 har departementet den seinaste tida motteke fråsegn knytte til avgjerda om å ikkje forlengje den mellombelse lova. Allereie i brev 9. november 2021 uttrykkjer *NHO Sjøfart* eit ønske om at ordninga i den mellombelse lova må først vidare. *NHO Sjøfart* peiker mellom anna på den uavklarte smittesituasjonen, med aukande smitetilfelle og lokale tiltak fleire plassar i landet. *Norges Lastebileier-Forbund* oppmodar sterkt i brev 24. november 2021 om at den gjeldande ordninga vert vidareført. *Norges Lastebileier-Forbund* peiker mellom anna på den negative smitteutviklinga i Noreg og Europa den seinaste tida, som etter deira syn viser at det framleis er naudsynt med smitteverntiltak på ferjer. *Kollektivtrafikkforeningen* uttrykkjer i brev 19. november at omsyna til smittevern, som den mellombelse lova er grunnlagt i, framleis gjer seg gjeldande på grunn av aukande smitte og stort press på helsetenestene. *Samferdselssjefskollegiet i Vestland, Nordland, Møre og Romsdal og Trøndelag fylkeskommunar* sluttar seg i brev 26. november 2021 til fråsegna frå *NHO Sjøfart* og *Kollektivtrafikkforeningen*. *Samferdselssjefskollegiet* viser til at ein for tida er inne i ein nasjonal smittetopp som aktualiserer smitteverntiltak som kontantfri betaling. Behovet for å vidareføre lova er etter deira syn framleis til stades. *NHO Logistikk og Transport* ber i brev 25. november 2021 om at

departementet gjer ei ny vurdering av smitterisikoen og understrekar at situasjonen raskt kan forverrast.

3.4 Vurderinga til departementet

Departementet meiner at det no ligg føre vesentlege grunnar til at den mellombelse lova vert forlengja til å gjelde ut over opphevsdatoen 1. januar 2022. Forslaget om forlenging er etter departementet si vurdering utgreia i tilstrekkeleg grad til å forsvare eit halvt års forlenging ut i frå den tida ein hadde til råvelde. Pandemien har vist seg å vere uføreseieleg og samfunnet står per desember 2021 ovanfor ein ny situasjon der smitta aukar og belastninga på helse- og omsorgstenesta er stor. Smittesituasjonen har gjort det naudsynt med ytterlegare reglar og tiltak, sjå kapittel 2.2. På bakgrunn av dette meiner departementet det er naudsynt at tiltaket om mellombels billettering på ferjer vert forlengja til 1. juli 2022.

Departementet merkar seg at dei fleste høyringsinstansane som gav høyringsfråsegn førre gong lova vart forlenga, var positive til å forlengje den mellombelse lova ut over opphevsdatoen 1. januar 2021. Fleire av høyringssvara gav eksplisitt støtte til Statens vegvesen sine vurderingar i saka og meinte at erfaringane med ordninga var gode. Dessutan merkar departementet seg dei innkomne førespurnadane som har kome i etterkant av avgjersla om ikkje å forlengje den mellombelse lova, sjå kapittel 3.3. Her går det klart fram at både næringa og fylkeskommunane ynskjer at lova skal forlengjast av omsyn til smittevern.

Helsestyresmaktene har per i dag ikkje kome med ei vurdering av på kva for tidspunkt det ikkje lenger vil vere behov for tiltak mot covid-19. Etter at samfunnet vart opna opp i september 2021, viste smitteauken seinare på hausten at det var behov for nye tiltak frå 30. november. Ut frå status for arbeidet med å utgreie og føreslå permanente endringar i yrkestransportlova, legg departementet til grunn at eit halvt års forlenging vil vere tilstrekkeleg tid. Departementet har no motteke eit utkast til høyringsnotat om permanente endringar i yrkestransportlova, som departementet vil få ut på offentleg høyring snarast råd. Dersom behovet for tiltak mot pandemien ikkje lenger er til stades på eit tidlegare tidspunkt enn 1. juli 2022, skal billettering i samsvar med den mellombelse lova uansett stanse, jf. formålet til lova i § 1 og føringane om bruken av lova gitt i Prop. 114 L (2019–2020) kapittel 7 til § 2. Lova vil i så fall frå eit slikt tidspunkt ikkje ha nokon praktisk verknad fram til ho vert oppheva i samsvar med § 8.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar og andre konsekvensar

Konsekvensane av den mellombelse lova er gjort greie for og vurdert i Prop. 114 L (2019–2020) kapittel 6 og Prop. 29 L (2020–2021) kapittel 5. Når det gjeld dei økonomiske og administrative kostnadene ved å ta i bruk ordninga med mellombels full elektronisk billettering, vart desse vurdert å vere låge og har allereie vorte belasta.

Kostnadar til drift av ferjesamband knytt til riksvegane og fylkesvegane vert finansierte over dei offentlege budsjetta i kombinasjon med billettinntekter. Dersom lova ikkje vert forlenga og smittesituasjonen i Noreg held fram ut over 1. januar 2022, det kjem nye smittebølgjer eller liknande, vil dei økonomiske og administrative konsekvensane kunne bli vesentlege, i form av eventuell auka bemanning på ferjene, tapte inntekter frå ferjebillett, reduserte eller stengde ferjeavgangar, auka smitte/sjukdom, kostnadar knytt til mellombels etablering av andre reisealternativ for isolerte plassar med meir.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i midlertidig lov om billettering på ferje som følge av utbrudd av covid-19 i samsvar med eit vedlagt forslag.

5 Merknad til lovendringa

Til § 8

Før endringa er det fastsett at lova vert oppheva 1. januar 2022. I ny § 8 andre punktum er det fastsett at lova vert oppheva 1. juli 2022. Endringa inneber at den mellombelse lova vert forlenga med eit halvt år. Forlenginga er grunngjeven med behov for framleis å kunne nytte tiltaket som lova regulerer mot smitte av covid-19, slik at det er god sikkerheit for at ferjesambanda i Noreg kan haldast opne for trafikk.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i midlertidig lov om billettering på ferje som følge av utbrudd av covid-19.

Forslag

**til lov om endringer i midlertidig lov om billettering
på ferje som følge av utbrudd av covid-19**

I

I midlertidig lov 26. mai 2020 nr. 55 om billettering
på ferje som følge av utbrudd av covid-19 skal § 8
andre punktum lyde:

Loven oppheves *1. juli 2022*.

II

Loven trer i kraft straks.



